

INTERJEKSJONAR 2

INTERJEKSJONAR

Interjeksjonar er småord. Vi bruker dei mykje i munnleg tale.

Småorda kan uttrykkje kjensler som f.eks. sinne, glede, overrasking: **Hurra! Fy! Takk! Aha! Au! Jippi! Æsj!**

Lydord er ord som hermar etter lydar:

Br-r-r! (når du frys) **Mø!** (lyden ei ku lagar), **Pang!** (lyden av eit skot) osv.

Ord vi bruker når vi f.eks. møter eller går frå nokon, er også interjeksjonar:

Hei! Hallo! God morgon! Ha det! osv.

1

Set inn småord som passar.

På 17. mai går alle i tog og ropar hipp, hipp _____.

No må eg gå. _____.

_____! Dette er Carmen Gonzales som ringjer. Kan eg få snakke med legen?

_____! Korleis går det?

_____! Det gjer så vondt i tennene mine.

_____! No vart eg glad!

_____! "Eg liker ikkje tran", seier vesle Per på tre år.

Svarord

Svarorda **ja, jau** og **nei** høyrer til ordklassa interjeksjonar.

Kjem du i morgon? **Ja**, det gjer eg. / **Nei**, det gjer eg ikkje.

Nokre gonger set vi inn **ikkje** i setninga. Då må vi svare **jau** eller **jo** i staden for ja.

Kjem du **ikkje** i morgon? **Jau**, det gjer eg. / **Nei**, det gjer eg ikkje.

Var det **ingen** heime? **Jau**, det var det. / **Nei**, det var det ikkje.

Merk! I staden for **jau** kan du bruke **jo**.

2

Svar med *ja*, *jau* eller *nei*. Skriv heile setningar.

Snakkar du engelsk?

Snakkar du ikkje norsk?

Har du med barna dine?

Har du ikkje gjort leksene?

Har du gløymt boka di?

Kjem du ikkje snart?

Drikk du ikkje kakao?

Forstår du?

Kjem du i kveld?

Kjem du ikkje i kveld?

Er det ikkje middag snart?

Skal vi ikkje ha kjøt til middag?

Skal vi ha fisk også?

Skal vi ha is til dessert?

Er det ingen andre som kjem?

Kjem tante og onkel?

Kari kjem vel ikkje?

Skal du på kino i morgon?

Skal du ikkje på kino i kveld?
